

Nordhordland kompetanseregion

*for barnehage, grunnskule, PPT og voksenopplæring
Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy*

Årsmelding 2017

Nordhordland kompetanseregion

NKR



Nordhordland kompetanseregion

*for barnehage, grunnskule, PPT og voksenopplæring
Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy*

MÅLSETJING

NKR arbeider for å halda ved like og vidareutvikle kompetansen til personalet i barnehage, grunnskule, PPT og voksenopplæring.

Det er eit forum og ein reiskap for dei deltagande kommunane til å fremja ei god fagleg utvikling på område der kommunane kan ha nytte av å koordinera innsatsen.

Jfr vedlegg 1- Statuttar for NKR.

INNLEIING

NKR driv kontinuerleg arbeid med kompetanseheving innan skule-og barnehagesektoren, PPT og Voksenopplæring.

Ulike fokus- og arbeidsområde, både kursrekker og ulike samarbeidsprosjekt, strekkjer seg gjerne over år. Døme på tema/prosjekt/samarbeid som går over tid er:

- Ungdomsskulesatsinga UiU- Ungdomstrinnet i utvikling
- Samarbeid med Statped
- Rettleiing av nyutdanna, nytilsette i skule og barnehage.
- Arbeid med IKT, kjøp av programvarer og implementering av program og ny kunnskap, i barnehagar og skular

Det er samanheng mellom årsmeldingane, frå eit år til eit anna. Deler av årsmeldinga til NKR må difor lesast og sjåast i samanheng med dei føregåande årsmeldingane.

STYRET

Styrevervet

01.08-31.12.17: Oppvekstleiar Alf Strand, Masfjorden kommune, har vore leiar og Einingsleiar Ragna Midtbø, Lindås kommune, var nestleiar.

Medlemmar:

Austrheim Kommune:	Rektor/ skulefagleg ansvarleg Bodil Boie Brekkan
Fedje Kommune:	Rektor/ skulefagleg rådgjevar Linda Husa
Lindås Kommune:	Einingsleiar Ragna Midtbø
Masfjorden Kommune:	Oppvekstleiar Alf Strand
Meland Kommune:	Skulefagleg rådgjevar Reidun E. Johannessen
Modalen Kommune:	Rektor /skulefagleg rådgjevar Jahn Olav Nordheim
Osterøy Kommune:	Spesialrådgjevar Astrid Brandal Øvsthus
Radøy Kommune:	Kommunalsjef Jo Tømmerbakke/Olaf Mikal Hella

Styreverksemd: Styret har hatt 8 møter og har handsama 69 saker.

STATUTTAR

I møte 01.06.16 gjorde styret vedtak om nye statuttar og vedtok namneendring frå Nordhordland kursregion til Norhordland kompetanseregion. Kommunestyra i dei 8 kommunene er orientert om statuttar og har fått framlagt ny samarbeidsavtale for 2016-2020. Statuttar og samarbeidsavtale ligg som vedlegg til årsmeldinga.

SEKRETARIATET

Dina Dyhovden er tilsett kompetansekordinator i 50 % stilling. Ho har også 50 % stilling som rådgjevar for oppvekst i Lindås kommune. Stillinga er lagt til Oppvekstsektoren som har kontor på rådhuset i Knarvik.

MÅLGRUPPER

NKR har planlegg og gjennomfører kompetanseheving for desse målgruppene:

- Tilsette i grunnskular/ SFO: Assistent, fagarbeidar, lærar og leiar
 - Tilsette i barnehagane: Barnehagelærar, pedagogiske leiar, assistent, fagarbeidar og styrar
 - Tilsette i pedagogisk-psykologisk teneste
 - Tilsette i vaksenopplæring på grunnskulenivå



SKULESEKTOREN

OVERSIKT OVER KOMMUNANE

Tal pr. 1.oktober 2017 (GSI)

Namn kommune	Tal skular	Tal lærarar	Tal assistenter	Tal årsverk *	Tal elevar
Austrheim	2	52	16	57.7	386
Fedje	1	16	4	15,0	78
Lindås	12	236	80	211.5	1938
Masfjorden	3	41	11	39.2	216
Meland	5	136	51	141.6	1225
Modalen	1	14	5	12.6	70
Osterøy	5	102	33	96.3	794
Radøy	5	75	28	75.0	598

*I årsverk er tatt med leiarar, undervisningspersonell og assistentar

GJENNOMFØRTE TILTAK 2017

Samlingar som har vorte gjennomførte

Fag/område	Vår	Haust	Tal deltakarar Målgruppe	Fagleg ansvar	Merknad
Munnleg eksamen	½ dg		x Faglærarar og sensorar	NKR	
Veiledning til nytilsette, nyutdanna lærarar	½ dg	½ dg	Vår: 20 Haust: 25 nytilsette nyutdanna, lærarr	NLA, Gunnvi Jokstad Sæle	Tema: Problemretta veiledning i grupper Klasseleiing/ organisering av undervisning
Samling for rettleiarar for nyutdanna nytilsette lærarar		½ dag	6 rettleiarar	NLA, Paul Otto Brunstad og Gunnvi Jokstad Sæle	
Nettverk - UIU	1 dg		42 skuleleiarar og ressurslærarar	NKR- arbeidsgruppe UIU - prosessrettleiar	Ungdomsskular
Utvida UIU- Nettverk «Framtidas skule»		1 dg	75 skuleleiarar, plangruppemedle mar	NKR- arbeidsgruppe UIU - prosessrettleiar Trygve Beyer Olsen	Ungdomsskular + represntantar frå barneskulane

VIDAREUTDANNING (VU)

Det har i 2017 ikkje vore gjeve vidareutannngstilbod gjennom NKR. Koordinator
vidareformidlar til kommunane ulike tilbod som vert sendt til NKR.

DESENTRALISERT KOMPETANSEUTVIKLING

Fra 2017 innførte Kunnskapsdepartementet ein ny modell for kompetanseutvikling i skulen. Modellen består av tre ordningar. Ei desentralisert ordning, ei oppfølgingsordning og ei innovasjonsordning.

Statlege midlar vert kanalisert via Fylkesmannen til kommunane gjennom regionane. Kommunane skal sjølve definere, prioritere og gjennomføre tiltaka for kompetanseutvikling med utgangspunkt i nasjonale mål og i samarbeid med universitet og høgskular. Bruken av dei statlege midlane skal bygge opp under kommunane sitt ansvar for kvalitetsutvikling, og skal stimulere til langsiktig samarbeid mellom kommunane og lærerutdanningane. Ordninga skal også bidra til utvikling av UH-sektoren si rolle som utviklingsaktør i skulen.

Det er gitt føringar for utviklingsområder som får tildelt midlar:

- Elevene skal ha et godt og inkluderende læringsmiljø
- Elevene skal mestre grunnleggende ferdigheter og ha god faglig kompetanse
- Flere elever og lærarar skal gjennomføre videregående opplæring.

Midlane skal nyttast slik:

- til etterutdanning og ikkje til videreutdanning
- bør favne så mange lærarar som mogeleg
- fremje kollektive prosessar for profesjonsutvikling

Det er vidare krav om at skuleeigar skal bidra med finansiering tilsvarande 30 % av dei statlege midlane. Eigendelen på 30 % kan vere heilt eller delvis i form av lønn/frikjøp dersom skuleeigar finn det mest hensiktsmessig for utviklingsarbeidet. Kommunar som av ulike grunnar ikkje ynskjer å delta i dette utviklingsarbeidet vil ikkje få tildelt midlar.

NKR er ikkje bunde til å bruke den geografisk næaste UH-institusjonen, men må inngå eit samarbeid med ein norsk UH-institusjon, eventuelt i samarbeid med nasjonale sentre i et kompetansenettverk. Dette inneber at midlane:

- ikkje kan tildelast ein ekstern kompetansetilbydar som ikkje er UH-institusjon
- ikkje kan nyttast utelukkende til å finansiere kommunen sine utgifter

NKR har hatt Desentralisert kompetanseutvikling på dagsorden i alle møter i 2017. NKR samla seg om hovudtema **Tilpassa opplæring** med undertema

- Læringsutbyte
- Grunnleggjande ferdigheter
- Analysekompetanse

NKR har delteke i møter med Fylkesmannen og UH-sektoren. Det har vore prosessar i den einskilde kommune, då kommunen sine prioriteringar må bygge på ei skulebasert vurdering av behov for kompetanseutvikling. Det vart i oktober 2017 klart at Nordhordland kompetanseregion ikkje var klar til å starte opp og fekk då ikkje tildelt midlar for 2018. Det skal vere nye forhandlingar våren 2018 og NKR har då behovet klart og står då for tur.



DKS- DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

NKR fekk i 2017 tilskot på kr. 50 000,- frå Fylkeskommunen.

Styret gjorde 22.11.17 vedtak om å tildele kr 45.000,- til Helga Eriksen og Anette Thorsheim til utvikling av ei audiovisuell framsuying for barn.

GJENNOMFØRING AV LOKALTGITT MUNNLEG EKSAMEN

Lokalgitt munnleg eksamen vart avvikla for tiande gong våren 2017. Ordninga vert administrert av NKR. Det var 69 sensorar meldt inn og 67 av desse var på sensoroppdrag i Nordhordland i løpet av dei 2 vekene det vart avhalde munnleg eksamen.

NKR arrangerte kurs for faglærarar, sensorar og skuleleiarar med gjennomgang av innhaldet i

forskrifta frå 2014 og den reviderte lokale instruksen. Det var praksisforteljing, erfaringsutveksling og det vart delt døme på eksamensoppgåver. Kurset er viktig kompetanseheving og er ein viktig del av arbeidet med å rekruttere nye sensorar.

SAMARBEID STATPED - NKR

Samarbeidet mellom STATPED og NKR har halde fram i 2017. Koordineringsgruppa har hatt 2 møter og har hatt slik samansetjing:

Frå NKR: Astrid Brandal Øvsthus/Ragna Midtbø, styret
Astrid Namtvedt Sylta, regional barnehagegruppe
Dina Dyrhovden, koordinator

Frå Statped: Asgerd Eide og Tove Theie

Frå PPT: Solveig Elvik, Osterøy PPT



Etterutdanning for tilsette i PPT:

Fylkesmannen har tildelt midlar til etterutdanning for tilsette i PPT. Noko av midlane vart disponert til Fagtorg-dag. Det er gjennomført ei leiarsamling med fagleg påfyll frå Eirik J. Irgens, NTNU. Vidare vert det drive nettverk for PPT-leiarar.

Systemretta arbeid, organisasjonsutvikling og kompetanseheving på ulike plan er fokusområde hjå PPT. NKR inviterte fagleiarane i PPT i regionen til møte og hadde saman prosess og erfaringsdeling på korleis arbeide med Kvalitetskriteriane for PPT.

DIALOGMØTE MED FYLKESMANNEN

I 2017 var det femte gong fylkesmannen gjennomførte dialogmøte med NKR.

Fylkesmannen ønskjer ein arena der både skule- og barnehagesektoren er representert og der ein kan drøfta felles utfordringar på ein uformell måte.

Desse tema vart drøfta:

- Trygt og godt miljø i barnehage og skole
- Opplæringslova § 9a
- Ny Rammeplan
- Vaksenopplæring

IKT-NYE VERTØY OG NY KUNNSKAP

I 2016 sette NKR ned ei arbeidsgruppe som skulle sjå på bruk og erfaringar med Learning Management System, LMS. Arbeidgruppa består av 5 representantar + koordinator.

I januar 2017 var ein delegasjon frå kommunane som samarbeidar i IKT-NH deltagarar på London Bett 2017 og fekk der orientering om ulike læringsplatfromer som er tilgjengeleg i marknaden. Det vart i rådmennene si Strategigruppe gjort vedtak om prosess med anskaffelse av nytt LMS for kommunane i regionen og Vaksdal og Austevoll kommunar, som deltek i IKT-samarbeidet. Hausten 2017 vart det arbeidd med utarbeiding av kravspesifikasjon og dette vart lagt ut i DOFFIN på nyåret 2018.

Arbeidet med fornying av kursbase har teke lengre tid enn planlagt. Delar av basen vart teke i bruk i 2017.

VAKSENOPPLÆRING

Sally Solberg, Lindås kommune, er NKR sin representant i Fylkesmannen si kontaktgruppe for vaksenopplæring i Hordaland.

Det har i 2017 ikkje vore noko kurs/kompetanseheving i NKR-regi på dette feltet.

Fylkesmannen har arrangert fagsamlingar.



UNGDOMSSTEGET- UiU

Dette er ei satsing som går over fleire år, frå 2013-2017

Med utgangspunkt i «St.meld. 22» og «Strategi for Ungdomstrinnet», starta ein i 2013 opp *UiU, Ungdomssteget i utvikling*. Dette er ei nasjonal satsing på ungdomssteget for å fremja grunnleggjande dugleikar, organisasjonsutvikling og praktisk, variert og relevant undervisning.

Alle kommunane i NKR har no starta opp med *UiU*-Skulebasert kompetanseutvikling. Ein del av skulane er ferdige med prosjektperioden, men er med vidare i satsinga. I

samarbeid med Utviklingsretteliaren i regionen har NKR utvikla dokumentet «*Strategi for arbeid med lærande nettverk på skular med ungdomssteg*». Tilbodet «Lærande nettverk» vart starta opp januar 2016. Dette er eit tilbod for alle ungdomsskulane, uansett kvar dei er i løpet for UIU eller anna skulebasert kompetanseutvikling.

Det har vore ei arbeidsgruppe som planlegg, gjennomfører og evaluerer samlingane.

Arbeidsgruppa har hatt 3 møter i 2017. Det vart gjennomført 2 samlingar i 2017. Siste samling vart flytta til 2018. Strategien er evaluert og det ligg føre eigen rapport frå satsinga.

RETTLEIING TIL NYUTDANNA, NYTILSETTE LÆRARAR OG BARNEHAGELÆRARAR

I Hordaland samarbeidar Høgskolen Stord/Haugesund, NLA Høgskolen, Bergen, Høgskolen i Bergen og Universitetet i Bergen om veiledning av nyutdanna lærarar og førskolelærarar gjennom programmet Ny i Hordaland. Ny i Hordaland er et statlige finansiert program i samarbeid med Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet. I tillegg er Fylkesmannen i Hordaland, Kommunenes Sentralforbund, Utdanningsforbundet, Gnist i Hordaland og skoleiere i Hordaland aktive medspelarar i programmet lokalt.

NKR får sitt rettleiingstilbod gjennom NLA. Då nytilsette, nyutdanna oftast tek til i arbeidet i august, går planen for dette tilbodet frå NLA frå august til august.

Halvdags-samlinga våren 2017 var ei oppfølgjing av haustsamlinga i 2016. Det vart lagt ein ny plan for skuleåret 2017/2018, med to halvdagssamlingar, ei hausten 2017 og ei samling våren 2018. Rettleiarane hadde eiga felles samling hausten 2017 på NLA.

BARNEHAGESEKTOREN

Regional barnehagegruppe hadde i 2017 slik samansetjing:

Ragna Midtbø Nestleiar, NKR
Sylvi Ann Hanstveit, Osterøy (leiari i gruppa)
Grete Urdal, Modalen
Mette Marei Træland, Meland
Åshild Hope Herland, Austrheim/Fedje
Rita Amundsen, Radøy
Astrid Namtveit Sylta, Lindås
Alf Strand, Masfjorden



Regional barnehagegruppe har hatt 6 møter og har handsama 52 saker. Leiinga i gruppa går på omgang mellom kommunane. I 2017 har det vore Osterøy kommune v/Sylvi Ann Hanstveit som har vore møteleiar.

NKR sitt fokus på barnehage har auka dei seinaste åra og gruppa sin trond for også å ha barnehagefagleg representasjon i styret har vorte meir naudsynt.

Dei barnehagefaglege rådgjevarane i Lindås, Meland og Osterøy får no invitasjon til å ta del på styremøta og deler denne oppgåva seg i mellom. Dette er i samsvar med statuttane.

Barnehage er også kvart år med i dialogen NKR har med Fylkesmannen ein gong pr.år. I tillegg til å vere eit forum for felles kompetanseutvikling er den regionale arbeidsgruppa også ein arena der felles utfordringar på andre område vert drøfta.

OVERSIKT OVER KOMMUNANE

Tal per 15.12.17 - BASIL-2017

Namn kommune	Tal barnehagar	Tal tilsette	* Tal årsverk	Tal born
Austrheim	2	61	50,2	164
Fedje	1	8	8,4	23
Lindås	16	240	190,7	903
Masfjorden	3	37	26,9	102
Meland	9	159	135,0	608
Modalen	1	9	6,1	27
Osterøy	8	122	101,5	467
Radøy	5	81	66,7	281

*I årsverk er det teke med styrarar, pedagogisk personell og assistenter

Regional barnehagegruppe har i 2017 hatt følgjande fokusområde:

- Implementering av Ny rammeplan
- Tilsyn
- Felles utfordringar knytt til kommunal barnehagedrift

GJENNOMFØRTE TILTAK 2017

Oversyn kurs og samlingar som er gjennomførte

Fag/område	Vår	Haust	Deltakarar/ måogr.	Fagleg ansvar
Ny rammeplan		2 dag-samlingar	14.08: 250 10.11: 250 Barnehagetilsette	Kari Pape
Pedagogikkens hjerte		1 dag	100 Barnehagetilsette	Lene Dahl
Veileddning til nytilsette, nyutdanna barnehagelærarar	1/2 dg	1 dg	Vår:18 Haust: 9 Nytilsette, nyutdanna barnehagelærarar.	NLA
Samling for rettleiarar til nytilsette, nyutdanna barnehagelærarar	½ dg		7 deltagarar	NLA, Paul Otto Brunstad og Gunnvi Jokstad Sæle

TILSYN

Til sommaren 2017 ferdigstilte regional barnehagegruppe arbeidet med å planlegge tilsyn for inneverande kommunestyreperiode. Dokumenta som vert nytta i tilsynsarbeidet er no oppdatert i høve til Ny Rammeplan. Arbeid med tilsyn har vorte gjennomført etter dei ulike kommunane sine planar for dette arbeidet. Kommunane har bidrege hjå kvarandre med eksterne tilsynsrepresentantar.

GLØD

Sylvi Ann Hanstvedt er NKR sin representant i fylkesmannen si arbeidsgruppe.

Målsetjinga med arbeidet er «Å styrke dei tilsette sin kompetanse for å gje alle barn eit godt og likeverdig barnehage-tilbod, å heve status for arbeid i barnehagar, å auke rekrutteringa til barnehagelærarutdanninga og behalde dei som allereie arbeider i barnehage, å auke rekrutteringa av tilsette med naudsynt kompetanse til pedagogisk arbeid i barnehage.

GLØD-nettverket arrangerte GLØD-konferansen hausten 2017.

GLØD har vore fast sak på møter i regional barnehagegruppe.

KURSDAGEN I NOVEMBER

Kvart år har det vore arrangert ulike dagskurs på planleggingsdagen i november. For hausten 2017 var det planlagt 3 store kurs på planleggingsdagen. Tema i år var Ny Rammeplan, Relasjonar og Realfag. Realfagskurset vart avlyst grunna lite påmelding. Det var til saman 350 deltarar på kursa som vart arrangert.

ETTERUTDANNING FOR STYRARAR OG PEDLEIARAR I BARNEHAGANE

Det har i 2017 ikkje vore gitt tilbod om etterutdanning for styrarar og pedagogiske leiarar. Regional barnehagegruppe ser behovet for ei vidare satsing på leiar- og veiledningskompetanse og planlegg ny rekke for 2018 -19.



IKT-STRATEGIEN OG BARNEHAGANE I REGIONEN

Regional barnehagegruppe har i 2018 samamarbeidd om oppdatering av skjema for barnehageopptak. Ein del av kommunane har Vigilo som administrasjonssystem. I dette verktøyet ligg ein app til dialog og samhandling med foreldra.

SAMARBEIDSPARTAR

NKR har i 2017 samarbeidd med følgjande utdanningsinstitusjonar/ organisasjonar:

HVL	Høgskulen på Vestlandet
NLA	Norsk lærarakademi
DKS	Hordaland fylkeskommune
IKT NH	IKT-Nordhordland
FM	Fylkesmannen i Hordaland
Statped Vest	Statleg spesialpedagogisk teneste

SAMARBEID MED ORGANISASJONANE

Utdanning forbundet v/HTV i kommunane får innkalling og sakliste.

Skoleleder forbundet har bidrige med kompetanse på ei regional skuleleiarsamling.

DELTAKING PÅ KURS/ KONFERANSAR/ UTVAL

Koordinator og styreleiar har teke del på ein del aktuelle samlingar og konferansar.

Knarvik 01.03.2018

Dina Dyrhovden, koordinator

3 vedlegg: Avrekning, Statuttar og Avtale.

Vedlegg 1

NORDHORDLAND KOMPETANSEREGION (NKR)							
AVREKNING 2017							
Samla utgifter						1 161 054	
Inntekter							
Refusjon moms		kr	6 326,39				
Kursinntekter		kr	472 900,00				
Refusjonar		kr	206 214,00				
Bruk av fond		kr	91 000,00				
					776 440		
Netto utgifter						384 614	
Fordeling	Fast sum	10 % av 384614				38 461	
						346 153	
Kommune	Elevtal	Fordelings-nøkkel	Beløp	Fast Sum	Totalt beløp for 2017	Akonto betalt 2017	Avrekning 2017
Austrheim	392	7,32 %	kr 26 029,52	kr 4 807,63	30 837	kr 49 000,00	kr (18 162,86)
Fedje	80	1,53 %	kr 5 312,15	kr 4 807,63	10 120	kr 16 000,00	kr (5 880,23)
Lindås	1951	36,30 %	kr 129 549,97	kr 4 807,63	134 358	kr	134 357,59
Masfjorden	200	3,87 %	kr 13 280,37	kr 4 807,63	18 088	kr 29 000,00	kr (10 912,01)
Meland	1081	19,27 %	kr 71 780,38	kr 4 807,63	76 588	kr 122 000,00	kr (45 412,00)
Osterøy	818	18,17 %	kr 54 316,70	kr 4 807,63	59 124	kr 94 000,00	kr (34 875,68)
Modalen	71	1,32 %	kr 4 714,53	kr 4 807,63	9 522	kr 15 000,00	kr (5 477,85)
Radøy	620	12,23 %	kr 41 169,13	kr 4 807,63	45 977	kr 73 000,00	kr (27 023,24)
Kontrolltall	5213	100 %	kr 346 152,73	kr 38 461,00	384 614		
		Jorunn N Moen					
		Rådgjevar økonomi					

Nordhordland kompetanseregion

for barnehage, grunnskule, PPT og vaksenopplæring

Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

STATUTTAR FOR NORDHORDLAND KOMPETANSEREGION (NKR)
2016-2020

1. NKR er eit samarbeidsorgan for Oppvekstsektoren i Nordhordland. Samarbeidet omfattar kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.
2. HOVUDMÅLSETJINGA for regionen er
 - å arbeida for å halda ved like og vidareutvikla kompetansen til personalet i barnehage, grunnskule, vaksenopplæringa og PPT
 - å koordinera eit organisasjonbasert utviklingsarbeid innan
 - bhg
 - skule
 - VO
 - PPT
 - tverrsektoriel/tverrfagleg utvikling i heile oppvekstsektoren, inkludert helsestøttenesta
 - vera eit forum og ein reiskap for dei deltagande kommunane til å fremja ei god fagleg utvikling i oppvekstsektoren
3. STRATEGI
 - Tydeleg leiarskap som tek opp dagsaktuelle, framtidsretta tema
 - Bruk av kunnskapsbasert viten gjennom alt utviklingsarbeid
 - Tett kontakt med UH-sektoren og samarbeidspartnerane våre
 - Sektorielle og tverrfaglege lærande nettverk
 - Årleg evaluering av utvalde satsingsområde/kursrekker/nettverk
4. STYRET

Oppvekstansvarlege i kommunane utgjer styret for kompetanseregionen.
Styret legg til rette for dynamisk drift i tråd med føringar frå staten og regionale behov
I kommunar der ansvar for skule og barnehage er delt, kan kommunane stilla med den barnehageansvarlege i saker som vedkjem barnehage.
Om oppvekstansvarlege ikkje møter i styret, oppnemner rådmannen person(ar) med mynde.
Berre ein frå kvar kommune har røysterett til ei kvar tid.
Styret vert konstituert med leiar og nestleiar.
Leiarvervet går på omgang mellom styremedlemmane, slik:

Austrheim, Masfjorden, Lindås, Osterøy, Meland og Radøy
Funksjonstida er 3 barnehage-/skuleår.

Styret har høve til å setja ned ad hoc utval som arbeider med ulike oppgåver.
Styret er vedtaksført når minst 50 % av medlemmane er til stades.

5. REGIONAL BARNEHAGEGRUPPE

Dette er eit eige forum for barnehage som er ein del av kompetanseregionen.
Kommunane er representert ved ansvarleg for barnehage eller ein representant frå
styrarane
Styret er representert ved nestleiar og utviklingkoordinator
Gruppa kjem med innspel til styret for å ivareta fagfeltet *barnehage*

6 UTVIKLINGSKOORDINATOR

Utviklingskoordinator er tilsett i Lindås kommune. NKR kjøper tenester hjå Lindås
kommune, i samsvar med eigen avtale og er utøvande organ for styret.
Utviklingskoordinator rapporterer til og førebur saker saman med styreleiar.
Utviklingskoordinator kan representere NKR og ta del i ulike møte innanfor NKR
sine ansvarsområde, etter avtale med styreleiar.

7 ØKONOMI

10% av det totale kommunale tilskotet skal betalast som fast beløp frå alle kommunar.
Dei resterande 90% skal reknast ut etter elevtal.

Det vert sett opp budsjett for kvart kurs/kursrekke som det vert gitt tilbod om.
Summen for dei einskilde kurstilboda vil variera. Minstesum for ein plass er. Kr. 250,-

NKR sender rekningane til kommunane i samsvar med tal deltakarar.

NKR sender krav for alle som er påmelde når fristen går ut.
Avmelding skal skje ei veke før kursstart, via kursbasen. Viss ikkje avmelding er
føretatt, vert det sendt krav om betaling.

6. ENDRING AV STATUTTAR

Endring av statuttane krev minst 5 stemmer

Statuttane er godkjende i NKR sitt styre 01.06.2016

*Nordhordland kursregion
for grunnskulen*

Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

Avtale mellom Lindås kommune og Nordhordland
kompetanseregion- NKR
2016-2020

1. Lindås kommune tilset utviklingskoordinator i NKR i 50% stilling frå 01.08.2016
2. Lindås kommune er arbeidsgjevar med kommunalsjef for oppvekst som nærmeste overordna
3. Utviklingskoordinator får arbeidsplass knytt til Oppvekstsektoren i Lindås kommune. Stillinga kan aukast ved at Lindås kommune finansierer auka stilling t.d ved tilsetjing i oppvekstsektoren
4. NKR v/styre dekkjer fellesutgiftene i samband med drifta av kompetanseregionen i samsvar med reviderte statuttar for Nordhordland kompetanseregion, juni 2016 og vedteken fordelings-nøkkel.
Fellesutgifter:
 - a) Lønsutgifter for 50% stilling +godtgjersle for eventuell (Dette gjeld løn, feriepengar, arbeidsgjevar-avgift og pålagte ytingar til trygd/ulukkesforsikring.
 - b) Reisegodtgjersle utover dagleg arbeidsreise+ diett etter offentleg regulativ
 - c) Nordhordland kompetanseregion sine utgifter til porto, telefon, kontorutgifter, samt merkantil hjelp 10 %, vert dekka innanfor NKR sitt budsjett
 - d) Utgiftene til føring av rekneskap vert dekka av ein fast årleg sum etter avtale.
5. Utviklingskoordinator atesterer for NKR, kommunalsjef for oppvekst i Lindås får delegert mynde frå styret til å tilvisa til utbetaling på NKR sine konti
6. Avtalen skal evaluerast seinast etter 3 år.

Denne avtalen bygger på avtalen som vart underskriven i juni 1999 og er revidert i samsvar med endra statuttar, vedtekne i NKR sitt styre 01/06 2016

Austrheim *01/06* 2016
Torleiv Frotjold
Torleiv Frotjold
Styreleiar NKR

Knarvik *02/06* 2016
Kristin Moe
Kristin Moe
Kommunalsjef for oppvekst
Lindås